



POLITIET

Epostliste

**Kommunane i Vest politidistrikt v / ordførarane
Hordaland Fylkeskommune v / fylkesordførar
Sogn og Fjordane Fylkeskommune v /
fylkesordførar
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Hordaland**

VEST POLITIDISTRIKT

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Stad, Dato

Bergen, 28.2.2018

ORIENTERING OM START AV NY ORGANISASJON FOR VEST POLITIDISTRIKT 1.3.18

1. INNLEIING

Synar til prosess og brev som er sendt kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane tidlegare. 1.3.2018 vil ny organisasjonsstruktur for Vest politidistrikt trå i kraft.

2. LEIING OG ORGANISERING AV VEST POLITIDISTRIKT

Styring og leiing

Vest politidistrikt er no ferdig med etablering av den overordna organisasjonsstrukturen. Prosessen kring plassering av tenestestader er ferdig og tidlegare gjort offentleg. Det overordna organisasjonskartet for Vest politidistrikt vil frå 1.3.2018 sjå slik ut:

Vest politidistrikt


Politimesteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post:
post.hordaland@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no



POLITIET



Vest politidistrikt

Politimesteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post:
post.hordaland@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no



POLITIET

Sjå vedlegg ein for liste over leiarar ved felleseiningane (funksjonelle einingar – FDE).

Dei geografiske driftseiningane (GDE) er delt inn i lensmanns- og politistasjonsdistrikt (tenesteiningar) med tilhøyrande tenestestader (lensmannskontor og politistasjonar). Namn på lensmanns og politistasjonsdistrikta er langt på veg vald ut frå dagens namn på kommunar og lensmannsdistrikt. Vi har tidlegare informert om at vi ynskjer å gjennomføra ein prosess kring namnsetting av dei nye einingane saman med kommunane når den nye organisasjonen har starta opp og når vi har betre oversikt over nye kommunenamn. Vi kjem tilbake til vidare prosess kring namnsetjing gjennom arbeidet i politiråda etter start av ny organisasjon 1.3.18.

Tenestestader i ny struktur (lensmannskontor og politistasjonar):

Driftseining Sogn og Fjordane

Tre lensmannsdistrikt (tenesteiningar) med tilhøyrande tenestestader:

- **Nordfjord lensmannsdistrikt**
 - Vågsøy
 - Eid (administrasjonsstad for Nordfjord lensmannsdistrikt)
 - Stryn
- **Sunnfjord lensmannsdistrikt**
 - Bremanger
 - Flora
 - Førde (administrasjonsstad for Sunnfjord lensmannsdistrikt og geografisk driftseining Sogn og Fjordane)
 - Fjaler
 - Høyanger
 - Gloppen
- **Sogn lensmannsdistrikt**
 - Sogndal (administrasjonsstad for Sogn lensmannsdistrikt)
 - Vik
 - Lærdal
 - Aurland
 - Årdal

Driftseining Hordaland

Seks lensmannsdistrikt med tilhøyrande tenestestader:

- **Nordhordland lensmannsdistrikt**
 - Masfjorden
 - Nordhordland (Knarvik, administrasjonsstad for Nordhordland lensmannsdistrikt)
- **Indre Hordaland lensmannsdistrikt**
 - Osterøy
 - Voss (administrasjonsstad for Indre Hordaland lensmannsdistrikt og geografisk driftseining Hordaland)
- **Hardanger lensmannsdistrikt**
 - Hardanger (Odda)
- **Kvinnherad lensmannsdistrikt**
 - Kvinnherad (Husnes)
- **Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt**
 - Fusa
 - Tysnes

Vest politidistrikt

Politimesteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post:
post.hordaland@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

- Kvam (Norheimsund, administrasjonsstad for Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt)
- **Os og Austevoll lensmannsdistrikt**
 - Austevoll
 - Os (administrasjonsstad for Os og Austevoll lensmannsdistrikt)

Driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden, omfattar kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden

Eit lensmannsdistrikt og fire politistasjonsdistrikt (tenesteiningar) med tilhøyrande tenestestader:

- **Bergen sentrum politistasjonsdistrikt**
 - Bergen sentrum (administrasjonsstad for geografisk driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden)
- **Bergen sør politistasjonsdistrikt**
 - Nesttun
 - Bergen lufthamn Flesland
- **Bergen nord politistasjonsdistrikt**
 - Åsane
- **Bergen vest politistasjonsdistrikt**
 - Fyllingsdalen
- **Sotra, Askøy og Øygarden lensmannsdistrikt**
 - Askøy (administrasjonsstad for Sotra, Askøy og Øygarden lensmannsdistrikt)
 - Sotra og Øygarden (Straume)

Sjå vedlegg to for liste over leiarar i geografiske einingar.

Tenestane som er retta mot innbyggjarane skal utførast ved tenestestadene, gjennom politikontaktane, når politiet er i kontakt med innbyggjarane under patruljering eller på ein åstad. Den organisatoriske overbygninga, geografisk driftseining, er primært ei etatsintern inndeling som skal understøtte styringa og leiinga av lensmanns og politistasjonsdistrikta. Felleseiningane skal stå for fagleg støtte og eventuelt kapasitetsforsterkning til dei geografiske einingane særskilte høve. I tillegg vil dei også ha gjennomføringsansvar for nokre spesielle sakstypar og arbeidsoppgåve.

3. GENERELT OM TENESTETILBODET TIL INNBYGGJARANE I VEST POLITIDISRIKT ETTER AT NY TENESTEENHET OG TENESTESTADSTRUKTUR ER ETABLERT

No startar arbeidet med kvalitet på politiets tenestetilbod for fullt

For informasjon om tenestetilbodet til innbyggjarane i Vest politidistrikt syner vi til brev sendt kommunane i Vest politidistrikt 30.6.2017, *Orientering om tenestetilbodet i kommunane*.

Vi har no slutført arbeid med utvikling og iverksetting av organisasjonsstrukturen. Med det har vi lagt til rette for meir arbeid med å effektivisera og utvikla arbeidsprosessane. Politiets strategi mot 2025 sett fokus på tre område i utviklinga av kvalitet:

- **Vi skal vera i forkant av kriminaliteten ved å**
 - Bruke etterretning og kunnskap i avgjerder på tvers
 - Førebyggje koordinert og i samarbeid med andre
 - Utvikla sikker ID og effektiv kontroll

- **Tilgjengelige polititjenester med høg kvalitet ved å**
 - Auke tilgjengelegheit og med meir mobil teknologi drive meir politiarbeid på staden der hendingane skjer
 - Etterforske effektivt med høg kvalitet
 - Forbetre respons og beredskap

- **Trygghet i det digitale rom**
 - Vere meir til stades på nett
 - Styrke handtering av datakrim og elektroniske spor

I arbeidet med desse tre måla vil vi mot 2020 på strategisk nivå ha fokus på seks sentrale funksjonar som er viktige fundament i tenesteutviklinga for innbyggjarane i Vest politidistrikt:

- Arbeidet med **etterretning** skal styrkast slik at vi betre kan analysere og forstå utfordringane i kriminalitetsbiletet.
- Styrkja etterretning vil styrkja den samhandlinga vi skal ha med kommunane i **politirådet** og gjennom **politikontaktane**.
- Eit felles **tenestekontor** som skal støtte einingane i planlegging og prioritering av ressursar i forhold til lokale behov.
- **Politipatruljen** sin kapasitet til å kunna utføre fleire oppgåve ute blant publikum.
- Utviklinga av **Operasjonsentralen** si kapasitet til både å støtte politipatruljen sitt daglege arbeid ute blant publikum og til å styre og leia større akutte hendingar
- Utviklinga av eit **felles straffesaksinntak** for heile Vest politidistrikt som skal gjere etterforskingssleiting og hurtig kapasitetsauke innan etterforsking tilgjengelig uavhengig av kvar i Vest politidistrikt straffbare hendingar skjer

Det kan uansett vere naturleg å gjenta at dei lokale lensmannskontora og politistasjonane er viktige. Dei skal vere meir enn eit "polititorg" eller ein informasjonsskanke og skal levere ressursar til både etterforsking og operativ teneste.

Politirådet skal minimum bestå av ordførar og rådmann frå kommunen, og stasjonssjef eller lensmann frå politiet. Politikontakten og SLT koordinatoren vil bli sentrale ressursar frå politi og kommune i arbeidet med å setje i verk politirådet sine avgjerder. For meir utfyllande informasjon om politirådet og politikontaktane si rolle, syner vi til brev sendt kommunane i Vest politidistrikt 15.6.2017, *Status i arbeidet med politikontaktar i Vest politidistrikt* og brev av 30.6.2017, *Orientering om tenestetilbodet i kommunane*. Vi ynskjer likevel å presisera at førebygging er ein viktig strategi for politiet og vi har derfor oppretta ein eigen Felles eining for førebygging som mellom anna skal støtte dei geografiske einingane i utviklinga av politiråda. Det operative førebyggjande arbeidet og samhandlinga med kommunale etatar skal skje ute i kommunane.

Med helsing

Kaare Songstad

politimeister

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.

Sakshandsamar:

Helge Stave

prosjektleder